

måten er at brudefolka sjølve seier fram ekteskapsløfta ved å gjenta dei etter presten: "Eg tek deg NN til ektemake. Eg vil elska og æra deg, og vera trufast hos deg i gode og vonde dagar, til dess døden skil oss åt".

#### Overrekking av ringar

Dersom brudeparet vil, kan dei velje å gi kvarandre ringar under vigselshandlinga. Overrekkinga kan skje ved at ringane blir settet på etter at presten har sagt: "Gje no kvarandre ringane, som de skal bera til teikn på løftet om truskap". Alternativt kan det skje ved at bruda og brudgommen i samband med overrekkinga av ringane sjølve seier fram følgjande etter presten: "NN, eg gjev deg denne ringen som eit teikn på løftet mitt om kjærlek og truskap".

#### Forbøn for brudeparet

Brudeparet kjem fram til altarringen og knelar under forbøna. I tillegg til presten kan eventuelt også andre i følgjet delta i forbøna med handspålegging. Det er mogleg å velje mellom to ulike forbøner, og ein kan legge til ei fritt formulert bøn som til dømes brudeparet sjølve har vore med på å utforme eller velje ut. Her kan dei gi uttrykk for sine voner og tankar for livet som ligg framfor dei. Det er mogleg å tenne lys under forbøna. Kven skal tenne lys? Og korleis skal lysteninga skje? Ein kan også syngje ein bønesalme mens brudeparet knelar på alterringen.

#### Musikk/symbolhandlingar

Deltakarane i bryllaupsfølgjet og andre kan medverke med musikk, høgtlesing eller andre kulturelle innslag. Her er det rom for kreativitet og deltaking for å gjere vigselshandlinga endå meir personleg. Den eine parten har ein annan kyrkjeleg bakgrunn enn Den norske kyrkja, kan det her opnast for deltaking frå dette kyrkjessamfunnet.

#### Bryllaupsmesse

Det er også mogleg å feire kyrkjebryllaup som ei messe, det vil seie at det inngår nattverd i kyrkjebryllaupet. Ønskjer brudeparet dette?

#### Kort oversikt over vigsels-ritualet

Preludium/Inngang  
Inngangsord  
Salme  
Skriftlesing  
(Salme/vokal- eller instrumentalmusikk)  
Tale  
Ekteskapsinngåing  
(Overrekking av ringar)  
Forbøn m. Fadervår  
(Musikk/song)  
Salme  
Velsigning  
Utgang

Dersom det er noko meir du ynskjer å vite, ta kontakt med kyrkjekontoret.

Du kan også snakke med den presten som skal ha vigelsen.

#### Mobilnr.:

Erlend Lunde: 932 25 868  
e-post: erlend@sykkylven.kyrkja.no  
Helge Standal: 917 57 151  
e-post: helge@sykkylven.kyrkja.no

#### Sykkylven kyrkje

Postboks 161  
6239 Sykkylven  
  
Åpningstider: Alle kvardagar frå kl. 1000 til 1400  
Telefon: 70 24 69 00  
E-post: post@sykkylven.kyrkja.no  
Heimeside: www.sykkylven.kyrkja.no

# INFORMASJON OM VIGSEL I SYKKYLVEN KYRKJE

[www.sykkylven.kyrkja.no](http://www.sykkylven.kyrkja.no)



Det er Jesus vi forkynner...  
så vi kan føra kvar menneske fram til mognad i Kristus



Velkomen til å gifte dykk i Sykkylven kyrkje!



Dette er ein stor og viktig dag, og vi ynskjer at dagen skal bli best mogeleg for dykk!

Difor har vi laga ei lita informasjons-brosyre, som vil gje dykk litt hjelpe til planlegginga av sjølve vigsels-handlinga i kyrkja.

Lukke til med planlegginga av denne viktige dagen!

Helsing

Erlend Lunde/Helge Standal  
Prestar i Sykkylven

## Generelt om vigsel i kyrkja

- ◆ Ektekap vert inngått ved at kvinne og mann offentleg, i nærvære av vitne og for godkjent kyrkjeleg vigselsperson, gjev løfte til kvarandre om at dei vil leva saman i ekteskap.
- ◆ Ekteskapsinngåing i kyrkja har både ei juridisk og ei kyrkjeleg side. Det er ei gudstenesteleg handling, og alle element ved handlinga (musikk, songar, opplesning og andre innslag) må vere i samsvar med dette.
- ◆ Salmar og songar må på førehand godkjenneast av presten, og det musikalske stoffet av orgnisten.

## Praktiske opplysningar

- Før handlinga har presten ein samtale med brudeparet, dette skjer som regel 1-2 veker før sjølve vigselen, på dagtid i kyrkja. Dersom ikkje anna er avtalt, tek presten kontakt 2-3 veker før vigsel for å finne ein dag som passar.
- Ta sjølv kontakt med organisten for å avtale musikkinnslag og songar. Organisten har fleire ulike forslag til både inngangsmarsj og utgangsmarsj.
- Det er høve til maks to song- eller musikkinnslag utanom inngangs-/utgangsmusikk og salmar.
- I handlinga syng vi to salmar. Brudeparet veljer om ein vil trykke opp eit ark, eller bruke salmebøkene som fins i kyrkja.
- Dersom ingen av dei to er busett i Sykkylven, vil ein måtte betale ein sum for vigselen (summen er fastsett av fellesrådet).
- Til vanleg er kyrkja pynta berre med lys og blomar på alteret. Dersom ein ynskjer meir pynting, må ein ordne det sjølv.

## Vigselsordninga:

Det er no opna for at brudeparet sjølv kan vere meir med på utforminga av seremonien.

**Her er nokre av dei vala ein har:**

### Prosesjonen

Skal brudeparet gå inn saman, eller skal bruda gå inn saman med ein representant for familien? Skal det vere med brudepiker og brudesveinar? Dersom det er ønskjeleg, kan brudeparet, éin av dei eller begge, trulovarane, representant(ar) for familiene, liturg (prest) gå inn i kyrkja i prosesjon.

### Skriftlesningar

Ein kan velje mellom fleire bibeltekstar som det er gjort framlegg om. Bibeltekstane kan lesast av medlemmar av bryllupsfølgjet. Skal bror eller søster av brudeparet lese? Mor og/eller far? Trulovarane? Vener? Andre i familien? Eller vil brudeparet helst at presten skal lese? For å sjå tekstane ein kan velge mellom, gå til [www.sykkylven.kyrkja.no](http://www.sykkylven.kyrkja.no) og finn ei lenkje under *Kyrkjelege handlingar—og Vigsel*.

### Salmar

Brudeparet kan vere med på å velje salmane som skal syngjast under vigsla.

Døme på salmar som passar godt:  
 No takka alle Gud, Norsk Salmebok 300/299  
 Lovsyng vår Herre, Norsk Salmebok 302/301  
 Alt står i Guds faderhånd, Norsk Salmebok 308  
 Himmelske Fader, Norsk Salmebok 311  
 Kjærlighet fra Gud, Norsk Salmebok 669  
 Herre over alle slekter, Norsk Salmebok 674  
 Vi rekker våre hender frem, Norsk Salmebok 710  
 Store Gud, vil over deg, Norsk Salmebok 270  
 Å leva, det er å elska, Norsk Salmebok 698  
 Herre Gud, ditt dyre navn og ære, Norsk Salmebok 268  
 Guds godhet sang i sinnet, Salmer 1997 98  
 Å Gud, velsigna desse to, Salmer 1997 273

### Ekteskapsløfta

Ein kan velje mellom to måtar å avleggje ekteskapsløfta på. Den eine måten er at presten stiller to spørsmål til kvar av brudefolka, som dei svarar ja på. Den andre